

**Fra:** Jenny Ellaug Følling [jenny.folling@sfj.no]  
**Til:** Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]  
**Kopi:**  
**Sendt:** 20.08.2016 19:14:36  
**Emne:** Fwd: SV: Sakspapir til Fylkeetinget 26/8  
**Vedlegg:**

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

**Fra:** Jenny Ellaug Følling <[jenny.folling@sfj.no](mailto:jenny.folling@sfj.no)>  
**Dato:** 20. august 2016 kl. 19.14.06 CEST  
**Til:** Alfred Bjørlo <[alfred.bjorlo@gmail.com](mailto:alfred.bjorlo@gmail.com)>  
**Emne:** Fwd: SV: Sakspapir til Fylkeetinget 26/8

Hei Alfred

Eg viser til e-posten din til meg av i dag, 20.08.16.

Eg kan opplyse følgjande:

Eg har kalla inn til eit ekstramøte i FU 22.08 for må informere om innhaldet i avtaleverket. Dette møtet vil kome i tillegg til den møteplanen vi i FU vart samde om 3.08 og 9.08.16.

Det vert no arbeid etter ein plan som inneber at fylkesrådmannen legg ut saka si 22.08 – før nemnde FU-møte. Han har opplyst at saka vil vere open og at heile avtaleverket vil følgje vedlagt. Det som vil vere sladda (i avtalane) vil vere teiepliktig/streng konfidensiell/kommersiell informasjon og dette vil samla sett vere svært lite. Eg reknar difor med at hverken FU eller FT vil kome i ein situasjon der «vi først på sjølve møtet får tilgang til store mengder informasjon som vi der og då må ta stilling til» (jf. e-posten din til meg).

Eg reknar elles med at vi drøfter dei nærare detaljane i dette i FU 22.08.16.

Med venleg helsing

Jenny Følling  
fylkesordførar

**Fra:** Jenny Ellaug Følling  
**Sendt:** laurdag 20. august 2016 14:28  
**Til:** Tore Eriksen <[Tore.Eriksen@sfj.no](mailto:Tore.Eriksen@sfj.no)>  
**Emne:** Fwd: Sakspapir til Fylkeetinget 26/8

Vil du lage eit utkast til svar? Jenny

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

**Fra:** Alfred Bjørlo <[alfred.bjorlo@gmail.com](mailto:alfred.bjorlo@gmail.com)>

**Dato:** 20. august 2016 kl. 10.48.08 CEST

**Til:** Jenny Ellaug Følling  
<[Jenny.Ellaug.Folling@sfj.no](mailto:Jenny.Ellaug.Folling@sfj.no)>

**Kopi:** Postmottak Sentraladm  
<[postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)>, Alis Stang  
<[Gunhild.Berge.Stang@sfj.no](mailto:Gunhild.Berge.Stang@sfj.no)>

**Emne:** Sakspapir til Fylkestinget 26/8

Til Fylkesordføreren

Syner til innkalling til Fylkesting fredag 26. august for å handsame sal av fylkeskommunen sine aksjar i Fjord1 til Havila.

Eg forstår det slik at Fylkesutvalet vil bli orientert om innhaldet i avtalen i eit møte førstkomande måndag, 22/8.

Eg vil be om at de legg til rette for at vi som er "menige" Fylkestingsmedlemmer får innsyn i alle dokument i saka snarast råd etter Fylkesutvalet sitt møte måndag.

Ut frå røynslene sist haust, synst eg ein denne gongen bør gjere det som er mulig for å unngå diskusjonar om kven som har fått tilgang til kva dokument/informasjon på kva tid - og heller ikkje setje oss som sit i Fylkestinget i den vanskelege situasjonen at vi først på sjølvne møtet får tilgang til store mengder informasjon som vi der og då må ta stilling til.

Eg vonar difor det blir lagt til rette for at vi kan få innsyn i all tilgjengeleg informasjon tysdag 23/8. Ein må sjølvsagt sikre prosedyrar som gjer at opplysingar som det er lovmessig heimel for å unndra offentlegheit, blir unnateke offentlegheit. Det er det standard løysingar for, som vi som sit i politiske organ i fylket er vande til å handtere.

Eg vil likevel oppmode om at ein tar i bruk prinsippet om meiroffentlegheit i så stor grad som mogleg. M a er det vanskeleg å sjå at det skal vere gode grunnar til å unndra salsprisen frå offentlegheit.

Mvh Alfred Bjørlo, fylkestingsrepresentant for Venstre